

# Trur nytt tilskot til mjølk er i tråd med WTO-reglar

2023-03-27

Optional[© Nationen]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke viderefremmes utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.

10 NYHETER

Mandag 27. mars 2023

NATIONEN

## Trur nytt tilskot til mjølk

**Eit nytt mjølke-tilskot kan unngå WTO-taket, ifølgje fylkesleiar, som ber om tiltak før store bruk gir opp. Fagfolk trur forslaget er i tråd med WTO-avtalen.**

Bjarne Bekkelheim Asse  
bjarne.asse@nationen.no

### LANDBRUK

- Vi ser teiken til at dei som alt har investert i nye fjøs vurderer å hoppe av. Det må vi for all del unngå, seier Konrad Kongshaug, som er leiar i Møre og Romsdal Bondelag.

Kongshaug er bekymra for at økonomien i å produsere mjølk er for svak både for store og små bruk. I jordbruksoppgjøret til våren ønsker han og fylkeslaget seg derfor nye grep.

#### - Mogleg å få til

Fylkeslaget foreslår eit nytt tilskot på minst ei krone per liter til mjølk levert om sommaren frå mai til og med september.

Eit slikt tilskot per liter mjølk er særleg aktuelt sidan WTO-avtalen avgrensar veksten i målprisar, som det mellom anna er på mjølk.

Fagfolk har før vendt tomme len ned for at eit liknande forslag kan gå inn under såkalla «grøn boks» i WTO.

Kongshaug trur derimot eit mjølketilskot kan bli rekna inn i «blå boks». Der har Norge ikkje noko tak.

- Slik eg tolkar reglane, så trur eg dette skal vere mogleg å få til i blå boks. Distriktilskota for mjølk og kjøtt ligg også i blå boks. Det same gjer også kvalitetstilskotet for storfekjøtt. Så lenge vi berre gir tilskotet om sommaren, så trur eg det er innanfor, seier Kongshaug.

Ein føresetning for at eit tilskot skal kunne gå i såkalla blå boks i WTO er ifølgje Kongshaug at tilskotet ikkje blir gitt til meir 85 prosent av årsproduksjonen. Han viser til at det er tilfelle for slaktetilskota og distriktilskota. Det same vil ifølgje Kongshaug gjelde for mjølk, så lenge ein berre gir tilskotet delar av året.

- Gir vi tilskotet i fem månader, så vil det vere trygt innanfor grensa på 85 prosent. Eventuelt kan ein også gi det berre til elitemjølke produsert i sommarmånadene, seier han.

Kongshaug viser til at det kan bli eit kvalitetstilskot for sommarmjølk, som det er behov for meir av.

#### Unngår tak

I WTO-avtalen er det avgrensingar på det som blir rekna som



Konrad Kongshaug, leiar i Møre og Romsdal Bondelag.

«handelsvridande støtte». Slik støtte, som gjerne er ei form for prisstøtte, blir rekna inn i «gul boks» der Norge har eit tak på litt under 11,5 milliardar kroner i totalt støttenivå.

Blå boks, som ikkje har tak, blir omtalt som såkalla «Produksjonsbegrensande støtteprogrammen». Denne støtta blir ikkje rekna som handelsvridande om den er basert på eit fast areal, ei fast avling, eit fast tal dyr - eller om støtta går til maks 85 prosent av produksjonen i ein basisperiode. Det går fram av omtale i rapportar frå Landbruksdirektoratet.

- Kan ikkje eit slikt tilskot per liter verke produksjonsdrivande? - Mjølka er låst i kvotat. Der-

**Viss dei med lausdrift som står for 70 prosent av mjølkevolumet fell frå, så er vi verkeleg ille ute**

**Konrad Kongshaug, leiar i Møre og Romsdal Bondelag**

for ser ikkje eg at eit slikt tilskot vil gi auka totalproduksjon. På mjølk er volumet langt på veg låst, seier Kongshaug.

I den grad at tilskotet kan gi auka produksjon om sommaren,

så viser Kongshaug til at det er ønskeleg ut frå etterspørselen. Totalproduksjonen per år vil derimot ikkje auke som følgje av kvotane, ifølgje Kongshaug.

#### - Står ved vegskilje

Kongshaug trur ikkje andre land vil reagere på eit nytt norsk tilskot i blå boks. Han viser til at situasjonen har endra seg siste åra.

- Eg er ikkje så bekymra for reaksjonar. I butikkane i England er hyllene tomme for enkelte varer og i EU er mjølkeprisen omtrent høgare enn her i landet. Det er ikkje same merkemda på frihandel som før, seier Kongshaug.

Han seier det er heilt nødven-

dig å ta grep for å berge mjølkeproduksjonen.

- Vi står ved eit vegskilje. Dei som har investert etter 2005 begynner også å vise teiken til å hoppe av. Viss dei med lausdrift som står for 70 prosent av mjølkevolumet fell frå, så er vi verkeleg ille ute, seier Kongshaug.

Det nye tilskotet kan ifølgje Kongshaug opne for ei ny pris-kurve på mjølka frå Tine slikt at betalinga for mjølka kan bli betre gjennom heile året.

Fylkeslaget seier det nye tilskotet må kombinerast med andre grep for å løfte økonomien for både små og store bruk.

# er i tråd med WTO-reglar



FOTO: PRIVAT

## Får forskar-støtte

Fleire landbruksforskarar og fagfolk gir uttrykk for at forslaget om eit mjølketilskot per liter etter alt å døme er i tråd med WTO-avtalen.

- Ja, eg trur eit slikt tilskot kan notifiserast i blå boks, så lenge ein held seg innanfor grensa på 85 prosent, seier Klaus Mittenzwei, som er landbruksforskar i Rurals.

Han stadfester at kvalitetstilskotet for storfekjøtt og distriktstilskotet for mjølk er blant ordningane som blir rapportert inn i blå boks.

Det avgjerande punktet er ifølgje Mittenzwei at tilskotet ikkje går til meir enn 85 prosent av det som blir omtalt som

«base level of production» i WTO-avtalen.

Ifølgje Mittenzwei er det få andre land utanom Norge som bruker blå boks i særleg grad. Han seier bruken av den typen ordningar kan bli skjerpa inn i WTO, men så langt er det lite som tyder på at det vil skje ifølgje forskaren.

- Det er sikrere med ordningar i grøn boks enn blå, men det har ikkje vore framgang i WTO-forhandlingane på lenge, seier han og gir uttrykk for at det truleg ikkje vil skje noko på det felte på lenge.


Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse, trur også at forslaget kan vere i tråd med WTO-avtalen.

- Ja, det ser ut som forslaget kan oppfylle kriteria for å gå inn i blå boks, men dette må avgjerast av departementet som sit med ansvaret for rapporteringa til WTO, seier Smedshaug.

Han seier tilskota i blå boks i utgangspunktet skal gå til ein gitt produksjonsmengde og under 85 prosent av totalproduksjonen.

På mjølk bidreg mjølkkevotane ifølgje Smedshaug til at eit nytt tilskot ikkje vil drive opp totalproduksjonen.


- Så lenge ein har avgrensingar på det, så er handlingsrommet større. Det er anleis på korn der ein ikkje har regulering på volum, seier han.



WTO-rapportering, her er støtta som Norge har rapportert inn til WTO i såkalla grøn, blå og gul boks omrekna til euro. Streken er Norges tak i gul boks. FOTO: EU-KOMMISSIONEN

## WTO-tak og nivået på prisstøtte

Nivået på «gul støtte» eller såkalla AMS (Aggregate measurement of support) i millionar kroner.



Målspenn verdien av differansen mellom norske målprisar og faste referanseprisar frå perioden 1986 til 1988 gjerer med volum, i tillegg til antatte over bukkjet fjøretk sjønergrøtt. Målprisen blei fjerna på kylling i 2007, starta i 2008, lam og egg i 2013 og svin i 2021 (juli). Av AMS i 2021 var 5,9 mrd. kr på mjølk, 2,8 mrd. kr på korn og 1,3 mrd. kr på svin (1. halvår). Grafikk: Bjarne Bekkeheien Aase, Nationen • Kilder: Landbruks- og matdepartementet og Verdas handelsorganisasjon



FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE



FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

Forskar ved Rurals, Klaus Mittenzwei, trur eit nytt mjølketilskot vil vere i tråd med WTO-reglane om det blir utbetalt innanfor grensa på 85 prosent av det fastsette volumet.

Dagleg leiar i AgriAnalyse, Christian Anton Smedshaug, seier handlingsrommet innanfor WTO er større på mjølk enn korn sidan mjølkvolumet er regulert med kvotar.

## FAKTA

### Målprisar og WTO-reglar

- Fleire jordbruksvarer har ein målpris som blir bestemt i jordbruksoppgjæret. Det gjeld mjølk, korn, poteter og fleire grønvarer.
- Det er marknadsregulatorarar som Tine og Felleskjøpet Agri som har ansvar for å ta ut målpris ved å regulere tilbodet opp mot etterspørselen.
- Målprisen er ein makspris. Blir prisen høgare enn målpris eitt år, så må prisen reduserast tilsvarande neste avtaleår.
- WTO reknar målprisar som forstyrrande på handelen. Norge har forplikta seg til å avgrense ulike former for prisstøtte (AMS) til maks 11,449 mrd. kr (såkalla gul boks) i året. Støttenivået blir rekna ut frå referanseprisar frå åra 1986 til 1988. For å unngå taket er fleire varer fjerna frå målprissystemet.
- Kylling blei tatt ut av både målprissystemet og marknadsordningane i 2007, ofte omtalt som «kyllinggrepet». I 2009 blei storfe flytta over til den såkalla volummodellen. Egg og lam kom etter i 2013 og svin i 2021.
- For varer i volummodellen skal Nortura setje ein «planlagt gjennomsnittleg engrospris» (PGE) to gonger i året. Prisen på kylling er marknadsstyrt.